



Arkivnr: 2016/3392-17  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Ronny B Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		14.09.2016

## Tilskot til lokale kulturbygg 2016

### Samandrag

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturbygg – finansiert med spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur – som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Overskotet frå spelemidlar til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS 12 .april 2016. Den endelege summen som Kongen fordelte til kulturføremål, var 655,2 mill. kroner. Av desse midlane skal 63,7 mill. kroner fordelast til kulturbygg. Den desentraliserte tilskotsordninga for kulturhus skal tilførast kr 63 734 000 av den delen av spelemidloverskotet som skal nyttast til kulturbygg i 2016. Forvaltinga av den desentraliserte ordninga for kulturhus er delegert til fylkeskommunen. Departementet utbetaler midlane til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel fastsett av departementet. Tilskotet til Hordaland fylkeskommune i 2016 er kr 5 118 278

For Hordaland er tildeling frå spelemidlane redusert med 4 865 324 på to år.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert tildelt kr 3 199 199,- av spelemidlane til lokale kulturbygg. Kvart år vert rammetilskotet sett inn på ein renteberande konto for vidare utbetaling. For 2016 står det til disposisjon kr 161 801,- i rentemidlar og kr 11 000,- i inndregne midlar frå 2015. Samla beløp til fordeling for lokale kulturbygg 2016 er etter dette **kr 3 372 000,-**

Det vart 20 søknadar å handsame. To søknadar fell utanfor ordninga. I denne vurderinga vert det lagt vesentleg vekt på søknaden sin kvalitet og kommunen sin eigen prioritering.

Fylkesrådmannen rår til at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria

## Forslag til vedtak

KOMMUNE	PRI	SØKNAD	EIGAR	SUM	SØKNADSSUM	TILDELING
Askøy		Heiervang Grendahus		719 000	334 000	
Askøy		Kulturfabrikken	Hetlevikalliansen	2 843 000	948 000	
Askøy		Kleppe bedehus	Kleppe bedehus NLM	9 240 000	1 000 000	700 000
Bergen	1	III - arena for elektronisk kunst	Kulturhuset Østre	1 510 000	500 000	500 000
Bergen	2	Øvingslokaler i Bergen	Skur 14	6 079 000	1 300 000	300 000
Bergen	3	Ervingen Kulturhus AS	Ervingen Kulturhus	3 600 000	500 000	
Bømlo		Oppgradering av lager	Moster tur- og sogelag	113 000	38 000	
Bømlo		Meieriet nytt tak	Bømlo hobbylag	282 000	94 000	
Fitjar	1	FKIB (Fitjar kultur og idrettsbygg)	Fitjar kommune	803 000	803 000	
Jondal	1	Herand kulturhus	Herand Bygdelag	1 463 000	488 000	488 000
Jondal	2	Jonsvoll/Jondal ungdomshus	Jondal Ungdomslag	607 000	202 000	
Kvam	2	Haugatun Samfunnshus	Strandebarm ungdomslag	856 000	200 000	
Kvam	1	Ålvik - Folkets hus	Ålvik arbeiderforening	340 000	113 000	113 000
Kvinnherad	2	Rosendal samfunnshus	Rosendal Samfunnshus L/L	2 030 000	677 000	
Kvinnherad	3	Dalheim ungdomslaghus	Omviikdalen Ungdomslag	610 000	203 000	
Kvinnherad	1	Kvinnherad ungdomssenter	Kvinnherad kommune	4 430 000	1 000 000	600 000
Lindås		Leiknes skule - Storstova	Lindås kommune	2 553 000	851 000	500 000
Os	2	Ungdomshuset Skogheim	Ungdomslaget Vårvon	229 000	76 000	
Os	1	Os Seniorsenter - påbygg salong/heis	Stiftelsen Os Eldresenter	1 970 000	300 000	171 000
Samnanger	1	Samnanger bibliotek	Samnanger kommune	14 000 000	4 666 000	
				<b>54 277 000</b>	<b>14 293 000</b>	<b>3 372 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 08.07.2016

### Bakgrunn

Saka gjeld fordeling av tilskot for 2016 under fylkeskommunen si ordning for tilskot til lokale kulturhus, finansiert fullt ut av spelemidlar frå Norsk tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. For 2016 er det komen inn 20 søknadar. Alle søknadane fyllar krava til realitetshandsaming.

### Om ordninga

Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Fylkeskommunen har det samla forvaltningsansvaret for spelemidlar til kulturbygg gjennom den desentraliserte ordninga for kulturbygg. I tillegg til ordninga med tilskot til lokale kulturbygg, har Hordaland fylkeskommune frå 2012 oppretta ei tilskotsordning for kulturbygg med regionale funksjonar. Denne ordninga vert finansiert av fylkeskommunale midlar saman med spelemidlar tildelt gjennom desentralisert ordning for kulturbygg.

Overskotet frå spelemidlar til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS 12 .april 2016. Den endelege summen som Kongen fordelte til kulturføremål, var 655,2 mill. kroner. Av desse midlane skal 63,7 mill. kroner fordelast til kulturbygg. Den desentraliserte tilskotsordninga for kulturhus skal tilførast kr 63 734 000 av den delen av spelemidloverskotet som skal nyttast til kulturbygg i 2016. Forvaltninga av den desentraliserte ordninga for kulturhus er delegert til fylkeskommunen. Departementet utbetaler midlane til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel fastsett av departementet. Tilskotet til Hordaland fylkeskommune i 2016 er kr 5 118 278

For Hordaland er tildeling frå spelemidlane redusert med 4 865 324 på to år.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert tildelt kr 3 199 199,- av spelemidlane til lokale kulturbygg. Kvart år vert rammetilskotet sett inn på ein renteberande konto for vidare utbetaling. For 2016 står det til disposisjon kr 161 801,- i rentemidlar og kr 11 000,- i inndregne midlar frå 2015.. Samla beløp til fordeling for lokale kulturbygg 2016 er etter dette **kr 3 372 000,-**

### Vilkår

Lokala må vere planlagd ut frå definerte behov og bør vere fleksible. Kulturbygg bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen. Bygningane skal i størst mogleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Følgjande kriteria vert lagt til grunn for fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg i Hordaland:

- kommunal prioritering
- kvalitet på søknad
- søknadsmasse frå dei einskilde kommunane i Hordaland
- innbyggjartal i kommunane

Søknadar som får tildeling inneverande år på delar av søknadssum, får ikkje automatisk dekka restbeløpet det påfølgjande året.

### Vurdering:

Det vart 20 søknadar å handsame. Det vert eit spørsmål om å prioritera mellom kvalifiserte prosjekt. I denne vurderinga vert det lagt vesentleg vekt på søknaden sin kvalitet og kommunen si eiga prioritering. Det er og tatt omsyn til kva tilsvarande prosjekt har fått tildelt tidlegare.

1. Askøy kommune – Heiervang Grendahus
2. Askøy kommune – Kulturfabrikken
3. Askøy kommune – Kleppe bedehus
4. Bergen kommune – III – arena for elektronisk kunst
5. Bergen kommune – Øvingslokaler i Bergen Skur 14
6. Bergen kommune – Ervingen Kulturhus
7. Bømlo kommune – Moster tur- og sogelag
8. Bømlo kommune – Meieriet Bømlo hobbylag
9. Fitjar kommune – Fitjar kultur og idrettsbygg
10. Jondal kommune – Herand kulturhus
11. Jondal kommune – Jonsvoll ungdomshus
12. Kvam herad – Haugatun Samfunnshus
13. Kvam herad – Ålvik Folkets hus
14. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, Kvinnherad ungdomssenter
15. Kvinnherad kommune – Rosendal samfunnshus
16. Kvinnherad kommune – Dalheim ungdomslaghus
17. Lindås kommune – Leiknes skule - Storstova
18. Os kommune – Os Seniorsenter
19. Os kommune – Ungdomshuset Skogheim
20. Samnanger kommune – Samnanger bibliotek

#### **Fordeling:**

##### **1. Askøy kommune – Heiervang Grendahus**

Heiervang Grendahus søker om tilskot på kr 334 000,- til universell utforming, betre akustikk og nytt tak på grendahuset. Dei kan få spelemidlar inntil 1/3 av kostnadssum så max tilskot er 240 000,-. Fekk tildelt kr 202 000,- i 2013. Heiarvang grendalag og Træet skulemusikkorps er laga i sameiget.

**Vurdering:** Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding: Avslag**

##### **2. Askøy kommune – Kulturfabrikken**

Hetlevikalliansen søker om tilskot på kr 948 000,- til restaurering av Tårnet. Dei har aktivitetar som fotball, handball, drill, skulemusikk, Hetlevik Musikkorps, julemesse, Barnas Røde Kors, 17. mai feiring, jazzbillett og strikkeklubb

**Vurdering:** Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling.

**Tilråding: Avslag**

##### **3. Askøy kommune – Kleppe bedehus**

Kleppe bedehus søker om tilskot på kr 1 000 000,- til oppgradering. Framtidas bygg vil få kafeteria + møterom, øvingsrom og scene med plass til 350. Det vert ein kulturell møteplass for kunst/musikk. Dei skal leggje vekt på lyd/billedanlegg og akustikk.

**Vurdering:** Kleppe bedehus søker for 2. gong og fylkesrådmannen tilrår å støtte prosjektet.

**Tilråding: kr 700 000,-**

##### **4. Bergen kommune – III – arena for elektronisk kunst**

Kulturhuset Østre er Noregs einaste hus for lydkunst og elektronisk musikk. Dei søker om tilskot på kr 500,- For vidare drift må det gjerast utbetringar i forhold til akustikk, lys, luft og dei må ha universell utforming. Fekk totalt kr 500 000,- i 2012.

**Vurdering:** Dette er prioritert som nr 1 hos Bergen kommune. Fylkesrådmann tilrår å støtte prosjektet.

**Tilråding: kr 500 000,-**

##### **5. Bergen kommune – Øvingslokaler i Bergen Skur 14**

Dei skal bygge om eit lokale på Holbergskaien til innspelning og øving. Anlegget skal ha 25 innspelingsrom for musikarar/band, 4 band/artistar skal dele kvart rom, så totalt plass til 100 band/artistar. Dei søker om tilskot på kr 1 300 000,-

**Vurdering:** Prioritert som nr 2 av Bergen kommune. Fylkesrådmann finn å støtte prosjektet

**Tilråding: kr 300 000,-**

**6. Bergen kommune – Ervingen kulturhus**

Ervingen Kulturhus søker om tilskot på kr 500 000,- til heis for universell utforming og utskifting av vinduer. Kostnadssum på kr 3 200 000,- .

Tilbakeføring av fasade med utskifting av vindauge og innstallere heis for universell utforming.

**Vurdering:** Prioritet som nr 3 av Bergen kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding: Avslag**

**7. Bømlo kommune – Moster tur- og sogelag**

Dei skal oppgradere eit lager. Søker om tilskot på kr 38 000,-.

**Vurdering:** Kostnad og søknadssum er for lite for denne ordninga, og søknad fell difor utanfor ordninga..

**Tilråding: Avslag**

**8. Bømlo kommune – Meieriet**

Bømlo hobbylag søker om tilskot til nytt tak. Bømlo hobbylag er eit aktivt og kreativt lag med 50 medlemmer som samlast i gamle meieriet ein gong i veka.

**Vurdering:** Fylkesrådmann tilrår ikkje å støtte prosjektet.

**Tilråding: Avslag**

**9. Fitjar kommune – Fitjar kultur og idrettsbygg**

Dei skal slipe golv i kultursal, skifte dører i idrettshall og tette tak. Dette ser vi på som vedlikehald, og dette fell utanfor ordninga.

**Vurdering:** Fylkesrådmannen tilrår ikkje å støtte dette prosjektet

**Tilråding: Avslag**

**10. Jondal kommune – Herand kulturhus**

Herand Bygdelag søker om tilskot på kr 488 000,- til nytt kjøkken og matsal. Herand Kulturhistoriske Senter, Herand Musikkorps, Luren 4H, Herand Danselag, Kvinne og famlaget, Herand Bygdelag, Herand Bygdeblad og Herand Pensjonistlag er aktive brukarar av Herand kulturhus

**Vurdering:** Prioritet som nr 1 av Jondal kommune. Fylkesrådmannen tilrår å støtte prosjektet

**Tilråding: kr 488 000,-**

**11. Jondal kommune – Jonsvoll/Jondal ungdomshus**

Jondal Ungdomslag søker om tilskot på kr 202 000,- til universell utforming, enøk tiltak og renovering av dansegolv. Dei har aktivitetar som leikarring, ungdomsklubb, filmklubb og teaterlag.

**Vurdering:** Prioritet som nr 2 av Jondal kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding: Avslag**

**12. Kvam herad – Haugatun Samfunnshus**

Strandebarm ungdomslag søker om tilskot på kr 200 000,- til nytt kjøkken inkl avløpssystem.

Dei har aktivitetar som barneteater, gamaldans, teater/revy, konsertar, bingo, bygdekino, basar, juletreffest, dansefestar, brukmarknad m.m.

**Vurdering:** Dette er prioritert som nr 2 av Kvam herad. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding: Avslag**

**13. Kvam herad – Ålvik Folkets hus**

Ålvik arbeiderforening søker om tilskot på kr 113 000,- til rehabilitering av kjellarsal. Folkets hus har Ålvik musikklag, Kor i alle dagar, Kvam kulturskule, Ålvik Arbeiderlag og Ålvik Teateralg som faste leietakarar.

**Vurdering:** Dette er prioritert som nr 1 av Kvam herad. Fylkesrådmann tilrår støtte til dette prosjekt.

**Tilråding: kr 113 000,-**

**14. Kvinnherad kommune – Rosendal samfunnshus**

Rosendal Samfunnshus L/L søker om tilskot på kr 677 000,- til modernisering av vinduer og tak.

Huset nyttast til folkemøte, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileumsfeiring og minnestunder. Det vert arrangert konsertar, teaterframsyningar, filmklubb, korpsøving, kulturskuleøving og idrettsaktivitet i huset.

**Vurdering:** Prioritert som nr 2 av Kvinnherad kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding: Avslag****15. Kvinnherad kommune – Dalheim ungdomslaghus**

Omvikdalen Ungdomslag søker om kr 203 000,- til modernisering av toalett og garderobe inkl handicap toalett. Huset brukast av iderttslag, bygdekvinnelag, 4 H, pensjonsistlaget og skuleverket.

**Vurdering:** Prioritert som nr 3 av Kvinnherad kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

**Tilråding: Avslag****16. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, Kvinnherad ungdomssenter**

Kvinnherad kommune søker om tilskot på kr 600 000,- til rehabilitering av ungdomssenter. Kvinnherad ungdomssenter er eit kommunalt drifta ungdomssenter i egne lokalar i kjellaren på Kulturhuset Husnes. Ungdommar skal sjølv få utforme senteret og driva med aktivitetar dei sjølv ynskjer. Lokale er gamle og slitte med dårleg inneklima og lite tilrettelagt. Rehabiliteringa består i å byggja og innreia dei nye lokale og renovera og oppgradera eksisterande lokale. Det vert mogleg å leiga ut lokale til andre lag og organisasjonar i tidsromme då ungdomssenteret ikkje er ope. Fekk tildelt kr 400 000,- i 2015

**Vurdering:** Prioritert som nr 1 av Kvinnherad kommune. Fylkesrådmannen tilrår å støtte dette prosjektet som siste gong.

**Tilråding: kr 600 000,-**

**17. Lindås kommune – Leiknes skule Storstova**

Lindås kommune søker om tilskot på kr 851 000,- til bygging av kulturdel av Storstova. Storstova vert ein fleirbrukshall for idrett og kultur. Initiativ frå det lokale bygdelaget for å oppretthalde det aktive kulturlivet som er. Det lokale ungdomslaget med revy/teaterlag vert ein viktig brukar av scena saman med blåseorkester og kor.

**Vurdering:** Fylkesrådmannen tilrår å støtte dette prosjektet.

**Tilråding: kr 500 000,-**

**18. Os kommune – Ungdomshuset Skogheim**

Ungdomslaget Vårvon søker om tilskot på kr 76 000,- til rehabilitering og modernisering – nytt golv på scene og i sal og modernisere kjøkken. Ønskjer å starte opp igjen aktivitet i Skogheim med quiz, bingo, juniorklubb, dans, karneval og revy.

**Vurdering:** Prioritert som nr 2 av Os kommune. Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildelinga

**Tilråding: Avslag**

**19. Os kommune – Os Seniorsenter**

Os kommune søker om tilskot på kr 300 000,- til påbygg salong/heis. Os Seniorsenter skal ha påbygg som inneheld salong og heis. Formål å samle pensjonistar og andre til daglege samkomer og skaffe lokalar til ymse aktivitetar og tiltak som drivast av eldre og for eldre. Dei leiar fast ut lokale til Os Bridgeklubb, Gladdansen, politiske parti og språkkurs. I tillegg er det og utleige til fester og samkomer av ulike slag, basarar og konsertar.

**Vurdering:** Prioritert som nr 1 av Os kommune. Fylkesrådmann finn å støtte tiltaket med siste gong.

**Tilråding: kr 171 000,-**

**20. Samnanger kommune – Samnanger bibliotek**

Samnanger kommune søker om tilskot på kr 4 666 000,- til kjøp av nytt bibliotekbygg på Bjørkheim. Primærfunksjonen skal vera bibliotek, men kulturkontoret vert og plassert det. Kulturkontoret vil trekke mange av sine aktivitetar inn i biblioteket, og målet er å skapa eit kulturhus i miniatyr. I tillegg til sjølve bibliotekrommet vil det vera grupperom, kjøkken, møterom og kontor i lokale. Forsamlingsrommet på 100 kvm er planlagt å vera eit allsidig rom kor det kan vera kino, møter, foredrag, LAN-party, diskotek, teater, konsertar m.m.

**Vurdering:** Fylkesrådmann finn ikkje å støtte dette tiltaket på grunn av manglande midlar.

**Tilråding: Avslag**

**Fylkesrådmann vil knyte nokre kommentarar til dette.**

Spelemidlane til kulturbygg er redusert frå 128 til 63 millionar kroner dei to siste åra, og altså meir enn halvert i denne perioden. I same periode har avsetningane for til dømes idrettsanlegg auka monaleg. For fylkeskommunane, og det regionale og lokale kulturlivet, vil dette ha betydelige negative konsekvensar.

Midlane er svært viktige for å kunne oppretthalde og utvikle ein infrastruktur for det lokale og regionale kulturlivet. Hordaland fylkeskommunane har ikkje registrert at behovet for gode øvings- og framføringsarenaer har blitt redusert. Tvert i mot, er det stort etterslep både når det gjeld tilrettelegging, rehabilitering og nye arenaer. «Kulturutredningen 2014» synliggjorde at den lokale kvardagskulturen – den kulturelle grunnmuren – måtte styrkast i kulturpolitikken. Tilskota til kulturbygg har vore viktige byggesteiner nettopp i den kulturelle grunnmuren, og det er i så måte uheldig at midlane til dette formålet nå er halvert.

Løyvinga til kulturbygg gjennom denne ordninga har vore relativt stabile fram til og med 2014. I åra etter har det vore ein reduksjon i løyvinga på meir enn 30 millionar kroner årlig på landsbasis.. Dette er grunngeve med at stadig nye tiltak, som tidligare har vore finansiert over statsbudsjettet, i staden skal finansierast av spelemidlane. Salderingsposten har da vore løyvinga til kulturbygg.

Fylkesrådmannen meiner det er god grunn til å stille spørsmål ved disse endringane, og vil framheve at:

- Tilskot til lokale og regionale kulturbygg er av stor tyding for den kulturelle grunnmuren, og derfor for det lokale og regionale kulturlivet
- Behova i kommunar og lokalsamfunn er store, og reduksjonen i løyvingane til lokale og regionale kulturbygg vil derfor ha svært negative konsekvensar
- Det er grunn til å reise prinsipielle spørsmål ved at stadig nye tiltak skal finansierast av spelemidlane.
- Ved innføring av forvaltningsreforma i 2010 blei det skapt ein forventning om vesentleg auke av desse midlane, og det førte til auka aktivitet og planlegging.
- I sum gjer dette også fylkeskommunane sin forvaltning og prioritering av disse midlane uforutsigbar, og svekker i vesentlig grad fylkeskommunens høve til å vere ein regional utviklingsaktør på kulturområdet.

Tilskota til kulturbygg gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, har over tid vist seg å vere av svært stor tyding, og den drastiske reduksjonen i løyvinga til dette formålet dei to siste åra vil derfor ha svært negative konsekvens for det lokale og regionale kulturlivet i heile landet. Ein ytterligere reduksjon vil sette heile ordninga i fare.